

Namn på skulen: **Odda vidaregåande skule**

Tal elevar skuleåret 2015/16: **330**

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	81,9
2015/16	83,7

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	13,29	4,9
	2015/16	11,67	6,31
Standpunkt	2014/15	7,09	4,26
	2015/16	7,72	3,54
Eksamen	2014/15	11,05	
	2015/16	10,47	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	16,03
	dagar	9,58
2015/16	timar	16,96
	dagar	9,64

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	4,9
2015/16	3,6

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Skuleåret 15/16 har vi sett inn ekstra ressursar gjennom tilbod ein «studieverkstadordning» for elevar som har behov for ekstra hjelp. Ein meiner at elevar som har hatt som mål om å oppnå karakteren 2, har lukkast.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Skulen arbeider tett med avgjevarskulane gjennom fastsette avtalar, som sørger for at elevar og føresette møter den vidaregåande skulen mens dei enno går i ungdomsskulen. Skulen har rutinar for oppfølging av elevar etter dei har starta hos oss gjennom kontaktlærar, ressursteam og elevinspektør/rådgjevar for å følgja opp enkeltelevar og leggja forholda best mogeleg til rette for at overgangen ikkje skal bli for utfordrande.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

At vi kjem tidlegare i gong med oppfølging, gjennom dei rutinane vi har. Tettare samarbeid mellom kontaktlærar og elev/føresette og oppfølging av kontaktlærar gjennom samarbeid med ressursteam/OT/PPT og i dei tilfella det er aktuelt,- gjennom fagopplæring/verksemd. Samstundes er det viktig å koma i tett dialog mellom faglærarar og elev for å få ein god

dialog i høve vurdering. (VFL)

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Halda fram med gode rutinar, men mest av alt gjera alle tilsette i stand til å «fanga opp» elevar som fell utanfor. Faglærar sitt ansvar og samarbeid med kontaktlærar i høve enkeltelevar må styrkast. Det er viktig at ein får tett dialog med elevar som startar å «slite» på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Det er viktig at ein kjenner til kva som blir forventa av den einskilde i organisasjonen.

Vi må få eit auka fokus på skule-heim samarbeid. I utviklingsplanen for 2016-17 vil vi peike på konkrete tiltak, td FAU for VG1-klassane våre.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Sjå 3.1

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Vi har enno ein veg å gå i høve ein meir lik vurderingspraksis. Dette vil vi arbeida vidare med i høve deltakinga i VFL-prosjektet. Vi har og ulik grad av engasjement i høve deltakarane og dette må den einskilde avdelingsleiar følgje opp.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Fremje læring:

Læringsprosjekt: To læringsprosjekt har skulen starta dette skuleåret. Prosjekt «iPad i Elektro og Matte» skal forenkla dokumentasjon av elevarbeid, motivere til innsats i faga og løfte elevane.

Prosjekt «Omvendt undervisning» skal flytte teoriundervisninga heim slik at tida på skulen vert frigjort til undervisningsformer der elevane er meir delaktige.

Vurdering

It's learning og Skulearena har vore nytta som læringsplattform og vurderingsarena. Ein kan sjå at fleire nyttar plattformene på ein effektiv og fleksibel måte

Variasjon:

Bruk av IKT i læringsarbeid medverkar til større variasjon i metodikk som nyttast i ulike fag. HFK har gitt tilgang til ubegrensa bruk av google. Dette fører til fleire mogelege bruksmåtar i

undervisninga.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

BYOD!

Bruk av ulike maskiner og operativsystem gjer det vanskeleg med individuell support, då ein ikkje kjenner alle system og oppsett.

«Utanomfagleg» bruk:

Det er ei utfordring for enkelte å halde god struktur og fokus på fag når dei har tilgang til internett til ei kvar tid.

Administrasjon:

Oppfølging av elevar, systematisk dokumentasjon og rapportering er del av læraren sitt administrative arbeid. Dette arbeidet kan bli betre..

Kompetanse:

Nye digitale element som kan nyttast til læringsarbeid er spanande. Det kan vere utfordrande å få tilstrekkeleg kompetanse til å nytte teknologi og programvare optimalt. Det viser seg at det kan vera manglar ved den grunnleggjande kompetansen hos mange elevar. Lærarane må få opplæring til å kunne følgja opp elevane innan t.d. word, excel og andre «grunnleggjande» program som er i bruk i opplæringa.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevundersøkinga er den undersøkinga der vi har fått tilbakemeldingar frå vg1 og vg2 elevane våre. Elles er det «4-kantmøta» som gjev oss tilbakemelding gjennom elevtillitsvald- og varatillitsvalde for klassen,- på vegne av klassen.

Utdrag frå PULS:

3.1. Støtte frå lærarane. 2014/15: 4,04 og 2015/16: 4,03. (Viser grønt frå begge åra.)

3.2. Arbeidsro: 2014/15 3,93 og 2015/16 3,83. (Her finn vi ein liten nedgang og får fargen Gul+ i år, mens fargen var grøn i 2014/15.)

Det er viktig å halda fokus på klasseleiing sjølv om det ikkje har vore «hovudfokus» i år.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Når ein har hatt fokus på eit avgrensa område, er det viktig at ein ikkje mister dette av syne når ein set fokus på andre områder. Samstundes er det viktig å byggja ein kultur for å inkludera nye tilsette til å ha fokus på klasseleiing, gjennom tett samarbeid med «medlærarar» og leiing. Einskilde klassar er meir utfordrande enn andre. Her må ein vera tettare på frå leiarhald når signala kjem frå lærarane. Det er og viktig at lærar ikkje ventar med å ta kontakt, at terskelen til å søke råd frå avd.leiar ikkje er for høg.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

Vurdering for læring (VFL). Nettbasert kompetanseheving, tilrettelagt av Høgskulen på Lillehammer, med hovudmål:

- Auka kompetanse om vurderingsarbeid.
- Lik praktisering av vurderingsarbeidet ved skulen.

Dette er ei nasjonal satsing, som krev deltaking av alle skulen sine lærarar og leiing.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Avgjerda tatt med grunnlag i resultatane frå elevundersøkinga og resultatane frå undervisningsevalueringa ved skulen. Vurdering var også eit av dei tre hovudsatsingsområda som HFK gav i styringsdokumenta for perioden 2013-16.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Fastsett plan for gjennomføring, -gjeld både fellesarbeid, arbeid i grupper og individuelt. Avdelingsleiarane har hatt oppfølgingsansvar for «sine».

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Leiinga ser endra praksis hos mange, men det har vore ei utfordring å få involvert alle. Elevane melder tilbake gjennom spørsmål til einiskildklassar, - og i «4-kant»-møta at dei ser endring hos mange av lærarane, men at det og er nokre som ikkje enno er komen godt i gang. Gjennom svara frå elevundersøkinga i år, viser det og betring i høve vurderingsarbeidet ved skulen.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Skulen vil ha hovudfokus på VFL-arbeidet neste skuleår. Dette er noko dei tillitsvalde og har kome med ønske om, - at ein fokuserer på VFL og ikkje har for mange ulike satsingsområder samstundes.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering**4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Gjennom avdelingsmøter/seksjonsmøter og fellesmøter.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Gjennom å ha planlagt og lagt til rette for dette arbeidet.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Sjå 4.1

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevinspektør har vore kontaktperson for elevrådet og elevrådsstyret i dette arbeidet. I 4-kantmøta har utviklingsarbeid vore gjenstand for samtale/drøfting.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Pedagogisk tilsette opplever ein travel kvardag. Nytteverdien av utviklingsarbeidet heng tett saman med motivasjonen for å driva utviklingsarbeid. Ein opplever ulik motivasjon hos dei tilsette i høve til dette arbeidet. Vi har truleg ikkje vore gode nok til å synleggjera at det vi arbeider med i høve utviklingsarbeid og resultatane av arbeidet er nyttige verktøy i skulekvardagen.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Vi vil starte opp arbeidet ved oppstart av nytt skuleår og leggje klare planar for «gangen» i arbeidet. Det er viktig å få med dei tillitsvalde i prosessen før vi set i gang arbeidet inn i organisasjonen. Setje av tid til prosessen og prøva å leggja til rette for gode utviklingssamtalar.